

---

**Fra:** Eirik Bouwer Utne  
**Sendt:** 18. januar 2017 22:49  
**Til:** Marianne Aadland Sandvik  
**Emne:** Gjeldande søknad om dispensasjon GBNR 20/11

Hei.

Viser til sak 26/2496 om søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for bygging av veg over GBNR 20/5 til GBNR 20/11

### **Kulturminnevern**

Kulturlandskapet på Dale er eit synleg og flott døme på korleis gardssamfunnet vart påverka av utskiftingane, med tydelege spor av vegfar og ressursutnytting av mellom anna kultivert skog og vasskverner. Plasseringa av det gamle fellestunet er sporbart og tydeleg i landskapet med godt ut- og innsyn langs svært gamle vegfar. Desse ferdselsvegane er knytt til kyrkja, men skriv seg nok lenger tilbake i tid som kommunikasjonsårer mellom gardane i området og gjennom denne delen av Holsnøy. Den markante plasseringa av gravminna på Dale og Sagstad langs ferdselsvegar i samband med svært gammal gardsbusetnad, kan stillast saman med liknande døme andre plassar i regionen. Dalegarden er nok blant dei eldre på Holsnøy og det er òg fleire lausfunn i området frå førhistorisk tid.

- **Kulturminneplan for Meland kommune:**
  - Viktigheita av å satse på dei heilskaplege kulturlandskapa og den rike tørrmurstradisjonen i kommunen er skildra i planprogrammet for ny kulturminneplan i kommunen, som døme på sentrale markørar for Meland si kulturhistorie, og er eit sentralt arbeidsfelt i det pågående planarbeidet. Denne prioriteringa har òg gjenklang i føringar frå Fylkeskonservatoren.

### **Friluftsliv**

Kråkedalen er ei viktig ferdselsåre for friluftslivet, og ein sentral kopling mellom bustadfeltet i Dalemarka, stiane langs kystlinna ved Herdlefjorden, Raudfjellet, Melandsåsen og Krossfjellet. Det er eit pågående arbeid for merking og gradering av turstiar i området i eit samarbeid mellom kommune, grunneigarar og frivillig sektor. Kulturlandskapet i nedre del av Kråkedalen har ei høg opplevings- og opplæringsverdi i denne samanheng, der både gamle og nye innbyggjarar kan oppleve ei landskapshistorie som er svært viktig å ta vare på i ein kommune med stor tilflytting.

- **Kartlegging og verdisetting av friluftsområde i Meland:**
  - Området er i nordaustlege kant av område 029 – *Raudfjellet-Melandsåsen-Hopland*, registrert som *viktig*, med høge opplevingskvalitetar og kunnskapsverdiar.

### **Konklusjon**

Tiltaket kan sjå ut til å komme i konflikt med nyare tids kulturminne, døme på tørrmurstradisjon på Holsnøy og vil vere eit inngrep i eit relativt heilskapleg kulturlandskap i nedre del av Kråkedalen. Dette vil vere til ulempe for å kunne halde det kulturhistoriske landskapet på Dale ved lag, og for opplevings- og kunnskapskvalitetane for friluftsbrukarar i området. Til sist er eit levande og berekraftig landbruk sentralt for å kunne halde landskapstrukturar i hevd og sørge for skjøtsel av kulturminna.

Med venleg helsing

Eirik Bouwer Utne  
Konstituert kulturleiar  
Tlf: 56 17 10 59 / 10 00 Mob: 934 13 089  
E-post: [eirik.utne@meland.kommune.no](mailto:eirik.utne@meland.kommune.no)



[Sjå brosjyren vår](#)